

Musea i Sogn og Fjordane
Gota 16
6823 SANDANE

Dykkar ref

Vår ref
20/1551-4

Dato
18. desember 2020

Statsbudsjettet 2021 – tilskotsbrev

1. Statstilskot for 2021

Me syner til budsjettsøknad for 2021.

Kulturdepartementet tildeler med dette Musea i Sogn og Fjordane eit driftstilskot for 2021 på kr **41 420 000**. Tilskotet er løyvd under kap. 328, post 70, jf. Prop. 1 S (2020-2021) for Kulturdepartementet og Innst. 14 S (2020-2021).

Institusjonar der offentleg stønad utgjer meir enn 60 pst. av inntektene, fell ikkje inn under dei generelle stimulerings- og kompensasjonsordningane som er skipa til for kultursektoren i samband med covid-19. I driftstilskotet til tilskotsmottakarane for 2021 er det difor bakt inn ei særskild tildeling på **kr 920 000**. Målet med denne omframme tildelinga er å stimulera til aktivitet og leggja til rette for at tilskotsmottakarane skal kunna halda oppe publikumsretta aktivitet jamvel om eigeninntektene vert monaleg lægre. Grunna uvisse knytt til smittesituasjonen og kva for smitteavgrensingar som vil gjelda, er auken innretta for å vara gjennom fyrste halvår 2021.

Tilskotet til Jakob Sande-senteret på **1 mill. kroner** vert frå 2021 kanalisert via Musea i Sogn og Fjordane. Kulturdepartementet legg til grunn at partane drøftar kva som på sikt vil vera den beste organiseringa av Jakob Sande-senteret i tilknytning til den konsoliderte institusjonen Musea i Sogn og Fjordane.

Vidare inkluderer tilskotet til museet **kr 668 000** til Måløyraidsenteret, og **kr 512 000** knytte til formidlinga av tusenårsstaden Gulen. Departementet legg til grunn at dei involverte partane avklårar korleis desse tiltaka best kan forvaltast og formidlast i tilknytning til Musea i Sogn og Fjordane.

Postadresse
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo
postmottak@kud.dep.no

Kontoradresse
Grubbegata 1
www.kud.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 866

Avdeling

Saksbehandlar
Natalia Ryan
22 24 72 33

Statstilskotet vil verta utbetalt kvart halvår til Dykkar konto nr. 3705 16 96647. Fyrste del av tilskotet vert utbetalt i januar 2021.

Fylkeskommunar og kommunar som nyt godt av kompetansen, formidlinga og andre tenester åt museet, har eit grunnleggjande delansvar for finansieringa av musea.

2. Mål

2.1. Mål og oppfylgingskriterium

Løyvingane til museum og andre kulturverntiltak byggjer opp under dei nasjonale måla om å medverka til at alle kan få tilgang til kunst og kultur av ypparste kvalitet, å fremja kunstnarleg utvikling og fornying, å tilby møteplassar og byggja fellesskap, og å samla inn, ta vare på, dokumentera og formidla kulturarv.

Musea skal utvikla og formidla kunnskap om den materielle og immaterielle historia til menneske og samfunn som har vore til i ulike tidbolkar, i samspel med verda ikring. I dette ligg stor fagleg fridom og samstundes utfordringar for musea med å definera kva som er relevant og viktig i eit samfunnsperspektiv. Dette er eit fagleg kjernes spørsmål som musea til kvar tid lyt vurdera og konkretisera.

Musea skal ha ei fagleg fri stilling som gjev handlingsrom for å stilla kritiske spørsmål om både fortid og notid. Dette føreset armlengds avstand til offentlege styresmakter.

Måla for løyvingane til museum og andre kulturverntiltak i 2021, jf. Prop. 1 S (2020-2021), er å leggja til rette for at

- musea er aktuelle og profesjonelle og utøver ei aktiv samfunnsrolle
- musea formidlar kunnskap og oppleving
- samlingane ved musea vert tryggja og tekne best mogeleg vare på, og vert gjorde tilgjengelege
- musea førestår forskning og utviklar ny kunnskap

Institusjonar som mottek faste, årlege driftstilskot over budsjettet åt Kulturdepartementet har vore, og er, hardt råka av smitteverntiltaka under covid-19 pandemien. Lægre aktivitet, mindre publikum og minkande eigeninntekter påverkar den handlekrafta tilskotsmottakarane har til å nå sektorpolitiske mål i 2021. I tida framover vil det venteleg gjelda føresegner om smittevern som svekkjer måloppnåinga. Dette gjeld særleg måla knytte til formidling ved musea, og det handlingsrommet musea har for å gjennomføra ulike aktivitetar og større arrangement. Musea har eit breitt spekter av kjerneoppgåver utover publikumsretta aktivitet. Mange av disse oppgåvene vil kunna drivast vidare trass i avgrensingar knytte til smittevern.

Det er eit vilkår at tilskotet vert disponert i samsvar med dei måla som er oppgjevne i søknaden for 2021 så langt det lèt seg gjera innanfor dei til kvar tid gjeldande reglane om smittevern. Tilskotsmottakaren skal vidare ferda ut system som er tenlege for å fylgja opp eiga måloppnåing, og som tryggjer høg kvalitet og god ressursutnytting.

Tilskotsmottakaren skal strekkja seg etter kvalitet i alle ledd, anten det handlar om formidling, kunstnarleg produksjon eller anna.

2.2. Særskilde satsingar i 2021

Krafttak for mangfald

Regjeringa tek eit krafttak for mangfald. Det overordna målet er at kunst- og kulturlivet, media, friviljug sektor og idretten skal inkludera og vera tilgjengeleg for alle, ubunde av til dømes kjønn, alder, etnisitet, religion, seksuell orientering, funksjonsevne og/eller kulturell, sosial og økonomisk bakgrunn og bustad. Med krafttaket ynskjer Kulturdepartementet at heile sektoren medverkar til eit langsiktig og systematisk arbeid for å nå eit større mangfald av brukarar og deltakarar, av utøvarar, uttrykk og tilbod.

Kulturdepartementet bed tilskotsmottakarane utvikla eigne strategiar for å medverka til meir mangfald i kunst- og kulturlivet. Dette inneber at tilskotsmottakarane arbeider aktivt for å tryggja at arenaene deira vert opplevde som relevante, tilgjengelege og representative for alle. Dette kan til dømes gjerast gjennom eit aktivt arbeid for å nå ut til nye grupper og ved å rekruttera breitt frå heile folkesetnaden i landet. Kulturdepartementet ynskjer at det vert lagt særskilt vinn på å inkludera samfunnsgrupper som er underrepresenterte. I dette ligg òg at institusjonane skal vurdera eige handlingsrom for å medverka til at kunst- og kulturuttrykk til samar og nasjonale minoritetar i større grad kan verta ein del av kulturlivet i heile Noreg.

3. Andre vilkår for statstilskotet

Tilskotsmottakaren må fylgja opp dei føresetnadene og krava til økonomiforvaltning og rapportering som fylgjer av dette brevet og av vedlagde *Retningslinjer for økonomiforvaltning og kontroll for tilskuddsmottakere som får tildelt driftstilskudd fra Kulturdepartementet i 2021*.

Forsvarleg og effektiv drift

Det er eit vilkår for statstilskotet at tilskotsmottakaren tryggjer at drifta er økonomisk forsvarleg, og at bygningar og utstyr vert halde vedlike. Vidare må det i høveleg omfang setjast av midler til investeringar, og til fri eigenkapital som tryggleik mot ikkje føresedde kostnads- og inntektssvingingar.

Eigeninntekter

Alle tilskotsmottakarane skal utnytta eigeninntekspotensialet sitt trass i smittevernstiltaka som er innførte som fylgje av covid-19 pandemien. Departementet legg til grunn at den einskilde institusjonen har utarbeidd planar for å stimulera til aktivitet og halda oppe publikumsretta aktivitet i perioden med smitteverntiltak.

Klima- og miljøtiltak

Klima- og miljøpolitikken åt regjeringa byggjer på at alle samfunnsaktørar har eit sjølvstendig ansvar for å leggja miljøomsyn til grunn for aktivitetane sine og for å medverka til at dei nasjonale klima- og miljømåla vert nådde. Tilskotsmottakaren bør vurderer aktuelle klima- og miljøtiltak i verksemda si, og eventuelt innarbeida ein omtale av dette i rapporteringa om aktiviteten for 2021.

Søknader til Norsk kulturfond

Institusjonar som mottek årleg driftstilskot frå Kulturdepartementet skal som hovudregel ikkje få tilskot frå Norsk kulturfond. Unntak kan vurderast m.a. for å fremja samarbeid mellom institusjonar og det frie feltet.

Publikumsutvikling

Departementet legg til grunn at institusjonane har god kunnskap om eige publikum og arbeider målretta for å nå nye brukargrupper, mellom anna ved å gjennomføra undersøkingar av brukarar og ikkje-brukarar. Det skal i årsrapporten gjerast greie for kva mål institusjonen har med publikumsarbeidet og korleis dette vert fylgd opp.

Universell utforming

Departementet minner om at offentleg og privat verksemd retta mot ålmenta skal vera universelt utforma, jf. likestillings- og diskrimineringslova.

Det er eit vilkår for det tildelte tilskotet at alle som har fylgjepriv for funksjonshemma og som kjøper billett til ordinær pris til eit arrangement, får gratis billett for fylgjepersonen. Det kan eventuelt vera ei rabattordning slik at samla billettpris for den funksjonshemma og fylgjepersonen ikkje overstig prisen for ein ordinær billett.

Arbeid for å førebyggja trakassering

Kulturdepartementet legg til grunn at tilskotsmottakeren arbeider for å hindra trakassering og anna utilbørleg framferd, i tråd med krava i arbeidsmiljølova. Institusjonen skal ha rutinar for intern varsling om kritikkverdige tilhøve, i samsvar med § 2 A-3 i arbeidsmiljølova.

Tryggleik og vernebuing

Det vert lagt til grunn at mottakarar av tilskot frå Kulturdepartementet har system for å ivareta tryggleik og vernebuing, og fylgjer dei til kvar tid gjeldande reglar og retningsliner.

Immateriell kulturarv

Musea arbeider med immateriell kulturarv òg. I denne samanhengen syner departementet til utgreiinga *Immateriell kulturarv i Norge – en utredning om UNESCOs konvensjon av 17. oktober 2003 om vern av den immaterielle kulturarven* utført av ABM-utvikling. Utgreiinga er å finna på heimesidene åt departementet, www.regjeringen.no/kud.

Vedtekter

Departementet minner om det er viktig å ha oppdaterte og gode vedtekter som på best mogleg måte reflekterer verksemda åt museet. Særleg gjeld dette museum der det har

skjedd større endringar dei siste åra. Det er til dømes særskilt viktig å tryggja god samanheng mellom vedtektene til eventuelle eigerstiftingar og den nye konsoliderte eininga med driftsansvaret.

Pensjonsskyldnader

Rekneskapslova, rekneskapsstandardar og god rekneskapskikk stiller krav til balanseføring av pensjonsskyldnader.

Mange institusjonar har dei siste åra røynt ein stor auke i pensjonsskyldnadene, noko som kan ha ført til at eigenkapitalen er redusert og i nokre tilfelle negativ. Slik auke i pensjonsskyldnadene har i stor mon samanheng med brigde i parametranane for utrekninga.

Fleire institusjonar, m.a. på scenekunst- og musikkfeltet, har lukka delar av ytingspensjonsordningane dei siste åra, men det står framleis att skyldnader for nokre som krev aktuarutrekningar til rekneskapsavlegginga.

Departementet praktiserer som styringsprinsipp overfor institusjonane at tapt eigenkapital må byggjast opp att det påfølgjande året. Departementet vil ikkje praktisera dette styringsprinsippet overfor institusjonane når grunnen til rekneskapsunderskotet og/eller tap av eigenkapital heilt ut er ein følgje av endringar i utrekninga av pensjonsskyldnader frå det eine året til det neste. Departementet legg likevel til grunn at dei institusjonane som framleis har negativ eigenkapital som følgje av pensjonsskyldnader tek naudsynte grep, slik at balansen mellom inntekter og kostnader, inkludert pensjonsskyldnader, vert betra.

Institusjonane må gjera greie for saka i fotnote til rekneskapsrapporten. Kulturdepartementet vil fylgja utviklinga i pensjonskostnadene nøye.

Vedlagt skjema skal fyllast ut og sendast inn på e-post til departementet innan 1. mars 2021.

Utstillingsvederlag

Me syner til avtale om utstillingsvederlag for framvising av biletkunst, kunsthåndverk og fotografisk kunst som tilhøyrer kunstnaren, og særleg til § 8 om vederlagssatsane. Det er eit vilkår at det innanfor den gjevne løyvinga vert betalt frakttilskot og utstillingsvederlag etter gjeldande satsar, og at ein elles etterlever føresegnene i gjeldande avtale om utstillingsvederlag. Satsane i perioden 1. januar - 31. desember 2021 er: del 1: kr 298,- og del 2: kr 317,-.

Til dykkar orientering kan avtaleteksten hentast på: www.regjeringen.no/kud

4. Rapportering for 2021

Tilskotsmottakaren må ferda ut rapport om aktiviteten i 2021 i webskjema for budsjettsøknaden for 2023 via Altinn-portalen. Rapporteringa skal mellom anna innehalda revidert rekneskap for 2021 og omtale av resultat i samsvar med måla for løyvingane til museum og andre kulturverntiltak, og dei måla som vart omtalte i søknaden for 2021. Vidare

lyt tilskotsmottakeren rapportera i tråd med andre krav og vilkår i dette tilskotsbrevet. Departementet vil koma attende til krav til rapporten i eige rundskriv om budsjettsøknader for 2023.

Tilskotsmottakarar som har fått omfram tilskot i 2021 i samband med covid-19 eller til kulturelt mangfald, skal rapportera desse midlane som "anna offentleg tilskot frå Kulturdepartementet" i webskjemaet.

5. Frist i 2021

Fylgjande dokument skal leverast **innan 1. mars 2021**:

- 1) Budsjettframlegg for 2022 og årsrapport for 2020 i webskjema
- 2) Museumsstatistikk for 2020 i webskjema
- 3) Revidert rekneskap for 2020 med balanse og noter og revisjonsmelding. Årsmeldinga frå styret skal berre leverast av dei musea som vert definerte som store føretak, jf. endringar i rekneskapslova vedtekne av Stortinget 15. desember 2017. Dokumenta skal vera signerte. Dokumenta skal skannast og sendast på e-post til departementet til fylgjande adresse: postmottak@kud.dep.no
- 4) Skjema for pensjonsskyldnader for 2020 frå dei musea som vert definerte som store føretak. Skjemaet må sendast elektronisk til departementet til fylgjande adresse: postmottak@kud.dep.no, jf. avsnitt om pensjonsskyldnader i punkt 3 i dette brevet.

Manglande innsending av desse dokumenta kan føra til at tilskotet vert halde attende.

6. Annan informasjon

Gåveforsterking

Gåveforsterkingsordninga inneber at pengegåver frå private gjevarar til kunst- og kulturverksemdar i Noreg utløyser ei statleg gåveforsterking av gåva. Frå 2021 vil retningslinene for ordninga verta endra slik at ordninga vert rammestyrd. Dei nye retningslinene vert lagde ut på nettsida åt departementet.

Nasjonale kulturbygg

Frist for søknader til kap. 322, post 70 *Nasjonale kulturbygg* for 2022-budsjettet er 1. januar 2021.

Med hilsen

Stein Sægrov (e.f.)
avdelingsdirektør

Natalia Ryan
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signature

Vedlegg:

- Retningslinjer for økonomiforvaltning og kontroll for tilskuddsmottakere som får tildelt driftstilskudd fra Kulturdepartementet i 2021
- Skjema for pensjonsforpliktelser for 2020

Kopi

Fjaler kommune
Gulen kommune
Norsk kulturråd
Vestland fylkeskommune
Jakob Sande-senteret
Måløyraidsenteret